

# Barneåret!

Kyrkjelydane i Vaksdal har mange arrangement i samband med barneåret. Kyrkjebladet har eige bilag om dette !



**Samarbeid om "Gloria" av vivaldi,**  
Prosjektkor med konsertar på Dale, Vaksdal og i Ådland kyrkje

**Konsert "utan Bjørn"**  
Spanande konsert med musikk av Bjørn Eidsvåg.

**Stammnes sokneråd**  
har arrangert turar i sommar

**50 og 60-års-konfirmantane**  
jubilerer i haust



Foto: Reidar Takvam

**Sans for detaljar.** Vår lokale fotograf Reidar Takvam har fanga dette motivet, som kanskje kunne heite "med kyrkja i ryggen" ?

## VAKSDAL PRESTEGJELD

### Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

**e-post:**

kyrkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

**Ekspedisjonstid:**

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,  
onsdag kl. 10.30-13.30

### Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

**e-post:**

kyrkjeverja@vaksdal-kyrkjer.no

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

**e-post:**

soknepresten@vaksdal-kyrkjer.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltilf 90 19 65 14

e-post: frode.kvamsoe@c2i.net

### Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen@vaksdal-kyrkjer.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

e-post: steinkopf@c2i.net

### Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf.privat: 56 59 59 26

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

### STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret  
innan 30.november

Neste nummer kjem ut i desember

# Dvale, eller?

Det haustar. Naturen går i dvale.

Me kan velje om me vil gå i dvale som naturen rundt oss, eller om me vil nytte tida i den mørke hausten til å forme det neste året.

Om hausten blomstrar lag og organisasjonar opp. Mange set pris på aktivitetar som tek til att. Ein møter vener med same hobby, interesse eller livssyn som ein sjølv.

Det finst møteplassar for dei travle, og oasar for dei som treng nokon å snakke med.

No har kyrkja fokus på Barneåret. Dette står det meir om inne i bladet. Men kva skjer når det "offisielle" Barneåret er over? Kva om hausten vert nytta til å finne nye måtar å drive barne og ungdomsarbeid på?

Sokneråda i kommunen skal møtast på Soknerådssamlinga som i haust er den 20. november.

Tema for soknerådssamlinga er Barneåret, konfirmantopplæringsplanen for prestegjeldet, og ide-dugnad for ungdomsarbeidet i prestegjeldet.

Barna er framtida. Ikkje gå i dvale.

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:**

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de nedanfor.

**Kasserar:**

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:**

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

# Stamnesingar på tur i lokalmiljøet

**Stamnes sokneråd har hatt to turar i september, ein busstur for eldre som eit diakonalt tiltak for dei som ikkje kjem seg ut på så mykje sjølve, og ein gåtur for born i høve barneåret.**

## Barnetur til bygdehytta

Ja det var det som stod på plakaten sjølv om det denne gongen berre var nokre få born som hadde tatt seg ut i det ruskete veret søndag 14. september. Diverre blei det regn og storm denne dagen. Men det var faktisk ein kjekk tur for dei få som var med av born og vaksne. Soknerådet vil ta ideen med seg til seinare om å arrangere tur for barnefamiljar på ein søndag det elles ikkje er gudsteneste i Stamneskyrkja. Då vonar me på betre ver så mange born kan dra foreldra med seg ut på søndagstur ilag til bygdehytta eller andre mål i nærmiljøet.

Barneåret i bispedømet handlar jo om at barna sjølv skal vere vegvisarar for kyrkjelyden på dei nye stigane inn i framtida.



Foto: Liv Eli Seime Stamnes

## Kyrkjelydstur for eldre

Torsdag 25. var det busstur for eldre inn til Eidsland. Det vart ein fantastisk dag sjølv om regnet auste ned. Det var dei modigaste som hadde tatt seg ut, men stemninga var høg og god på bussen. Det vart nokon spanande og uforgløyemelege opplevingar som då bussjåføren skulle lirka bussen forbi ein gravemaskin som dreiv vegarbeid med å setja på plass kampesteinar, utan at

bussen rasa utfor vegen og ned i sjøen, og like etter då dei to bussane i kvar si retning skulle passera kvarandre ved Sorteberget. Nei, sjåførane frå Modalen og Eksingedalen billag var flinke dei, så det var ingen fare. Litt seinare passerte dei Hesjedalsfossen. ”Slik ser ein berre fossen ein gong kvart hundre år”, var det nokon av dei eldre som sa.

Inne på Eidsland vart det sightseeing både til kraftstasjonen og til sandtaka der dei grov singel og sand og sende til Bergen. Så gjekk turen til oppdekka bord i kyrkjesalen i Eidslandkyrkja. Soknerådet hadde i dette høvet tinga tenester frå ein elevbedrift i 6.-7. klasse på Eidsland skule. Og dei fire elevane stilte opp og gav dei eldre ei flott mottaking. Borda var dekkja og pynta, og elevane hadde laga kaffi, te, smørbrød og bakt kake som dei sjølve serverte. Alt smaka fortreffeleg. Det elevane gjorde for dei eldre, var i dobbel meining ein bedrift som vil bli hugsa.

Etter maten var det ein fin stund i kapellet. Asbjørn Nese spela fine orgelstykke på det nye orgelet, før Håkon ringde inn til ei andaktstund. Kapellan Bø heldt andakt, samt tala om dei endringane som var skjedd siste åra i kyrkja. Ei av deltakarane hadde vore til stades då kyrkja vart innvigd. Dei fekk syngje gamle kjende salmar. Bø song òg solo songen: ”Ein fin liten blome.” På bussturen tilbake takka Klara Vik soknerådet for ein fin dag. Sjølv om sola ikkje skein, så hadde dagen bydd på mange sjeldne opplevingar som dei eldre sette stor pris på.

Helsing Stamnes sokneråd

## KONFIRMANTAR I STAMNES KYRKJE 20.SEPTEMBER 1953



Bildet er utlånt frå Arneid Dæmring Faugstad

Foran frå venstre: Åsta Margrethe Grøsvik (Nepstad), Arneid Ingunn Dæmring (Faugstad), Thordis Jakobsen (Haraldsen), Elin Hjørdis Ness (Haukås), Inger Trohjell (Olsen), Else Kårstad (Bjordal), Else Gunnhild Sandal Bertheussen, Solveig Tresnes.

Bak frå venstre: Bjørnvald Arne Straume, Sveinung Hesjedal, Svein Kallestad, Arnljot Stamnes, pastor Nicolai Lien, Magne Hesjedal, Steinar Simmenes, Odd Malvin Eide.

## KONFIRMANTJUBILEER I KYRKJELYDANE

Sokneråda i Dale, Vaksdal og Stamnes har tradisjon med å invitera 50-års konfirmantane til fest. Dale hadde sin samling 5.oktober, og då vart også 60-års konfirmantane invitert. Vaksdal sin samling vert 12.oktober, og på Stamnes vert det ein felles fest for årets konfirmantar, 50-års konfirmantar og bygdefolket.

### Soknemøte om ny gravferdsliturgi og felles høgtidsgudstenester

I Dale, Vaksdal og Stamnes sokn har det vore ekstra soknemøte no i haust. Alle sokn skal etter tur vedta om dei vil ta i bruk den nye gravferdsliturgien. Dei tre sokna som har hatt møte, har alle gjort vedtak om dette. Dale og Vaksdal har i tillegg drøfta om dei ynskjer å halda fram med å ha felles høgtidsgudstenester til jul, påske og pinse. Det har vore ei prøve-ordning sidan 1998, slik at det har vore anna kvart år i dei to kyrkjene.

På Vaksdal gjekk dei inn for å halda fram med fellesgudsteneste 1.påske-dag og 1. pinsedag, men dei ynskjer å ha 1.juledagsgudsteneste kvart år i begge kyrkjene.

På Dale vart det fleirtal for å halda fram med alle tre høgtidsgudstenestene felles. På gudstenesteplanen var det i år Dale sin tur til å ha 1.juledagsgudsteneste. No vert det i tillegg også i Vaksdal kyrkje.



# Barneåret i Bjørgvin Bispedøme



## Velkommen til Barneåret

Jeg vet egentlig ikke om dette har hendt før. Et helt bispedømme møblerer om årsplaner, tiltaksplaner og økonomiplaner og konsentrerer all oppmerksomhet mot barna. Men nå skjer det altså her i Bjørgvin i skoleåret 2003-2004.

- Vi gjør som Jesus selv gjorde: Vi setter barnet i sentrum (Matt 18,2)
- Vi sier som Marthin Luther: "Det finnes ingen større skade for den kristne kirke enn å forsømme barna. For vil en hjelpe kirken på fote igjen, må en virkelig ta til med barna, slik det har skjedd før."
- Vi forbereder oss på storsatsingen som må komme i kirken. De neste årene skal trosopplæringen fornyes.

Det begynte med at jeg delte drømmene mine med nære medarbeidere. Jeg sa: "Jeg ønsker å være barnebiskop i et helt år!" Så skjedde det at den ene etter den andre sa at de ville henge på: Bispedømmerådet, prostene, de kristelige organisasjonene og store deler av fotfolket i kirken. Barna og de som arbeider med barn, de skal ha oppmerksomhet og støtte! Se deg om på sidene våre. Kan du bruke noe, er vi bare glade. Og kan du la deg inspirere, da er virkelig hensikten oppnådd.

For vi vil gjerne være smittsomme i Barneåret!

Ole D. Hagesæther  
biskop

## Barneåret i Vaksdal

I barneåret vil vi setje fokus på born og unge i arbeidet vårt, mellom anna som ein del av oppdraget kyrkjelydane har ovanfor dei som vert døypte. Noko av det som skal skje i barneåret:

- Alle som vert døypte får ein plakat med ei kveldsbøn på. Denne er laga til Barneåret i Bjørgvin, og vert gjeven ut i tråd med målsetjinga om at "Alle i Bjørgvin ber kveldsbøn".
- Det vert fleire familiegudstenester enn tidlegare i kyrkjene våre. På Vaksdal og Dale vert det ei kvar månad, i dei andre kyrkjene kjem dei oftare enn tidlegare. Gudstenestene vil verte noko annleis enn tidlegare, då vi mellom anna vil freiste å trekkje born og unge meir med i gjennomføringa.
- Vi vil støtte opp om sundagsskulane og anna arbeid for born og unge i kristen regi i Vaksdal. På dei neste sidene er det eit oversyn over dette arbeidet.
- Somme enkeltarrangement vert det utover året. Til dømes har allereie Stamnes sokneråd arrangert ein tur til Bygdehytta på Stamnes i høve Barneåret.





# Barneåret i Bjørgvin Bispedøme



## KRISTENT ARBEID BLANT BORN

### VAKSDAL

Kva	Kvar	Aldersgruppe	Tid	Kontaktpeson
<b>Sundagsskule</b>	Konfirmantrommet i kyrkja	3 år og oppover	Sundagar kl. 11-11.45	Marianne Boge Karlsen tlf. 91 82 95 63
<b>Barnelag</b>	Bedehuskjellaren	3 år og oppover	Anna kvar torsdag kl. 17-18	Martha Bjørsvik, tlf. 56 59 70 77
<b>Speider</b> (for jenter)	Barneparken	1. til 7. klasse	Måndagar kl. 18-19 Tysdagar kl. 18-19	Elisabeth Tveit, tlf. 90 03 28 69
<b>Speider</b> (for jenter)	Barneparken	8. til 10. klasse	Tysdagar kl. 19-20 Torsdagar kl. 20-21	Elisabeth Tveit, tlf. 90 03 28 69
<b>KUL (Vaksdal Kristelege UngdomsLag)</b>	Bedehuskjellaren	8. klasse og oppover	Torsdagar kl. 19-22	Njål Nordmark, tlf. 40 84 39 66

### STANGHELLE

<b>Sundagsskule</b>	Bedehuset	4 til 10 år	Sundagar kl. 11-12	Arne Verpelstad, tlf. 56 59 50 57
<b>Barnelag</b>	Bedehuset	3 til 10 år	Anna kvar torsdag kl. 17-18	Anne S. Hol, tlf. 56 59 52 55
<b>VING</b>	Bedehuset	5. til 7. klasse	Anna kvar måndag kl. 18-19.30	Åshild Rene, tlf. 99 16 57 14



# Barneåret i Bjørgvin Bispedøme



## OG UNGE I VAKSDAL PRESTEGJELD

### DALE

Kva	Kvar	Aldersgruppe	Tid	Kontaktpeson
<b>Sundagsskule</b>	Bedehuset	3 år og oppover	Sundagar kl. 10-11	Liv S. Sellevold, tlf. 56 59 61 72
<b>Barnelag</b>	Bedehuset	3 år og oppover	Anna kvar torsdag kl. 17-18	Marit M. Alvheim, tlf. 56 59 70 96

### BERGSDALEN

<b>Sundagsskule</b>	Kyrkja		Somme sundagar, om hausten, og våren	Per Småbrekke, tlf. 56 59 89 68
---------------------	--------	--	--------------------------------------	---------------------------------

### STAMNES

<b>Sundagsskule</b>	I heimar på Straume	Frå 0 år og oppover	Sundagar	Torunn Vassenden, tlf 56 59 81 81
<b>Barnekor</b>	Bedehuset	4 år og oppover	Onsdagar kl. 17-18	Liv S. Stamnes, tlf. 56 59 82 62

<b>VING</b>	Bedehuset	5. til 7. klasse	Ein fredag i månaden	Gerd Gammersvik, tlf. 56 59 82 10
-------------	-----------	------------------	----------------------	-----------------------------------

### EKSINGEDALEN

<b>Sundagsskule</b>	Ei av kyrkjene	0 år og oppover	Sundagar kl. 11-12.30	Anne S. Nesheim, tlf. 56 59 59 44
<b>Jenteforeining</b>	Hjå Inger Lavik	6 til 16 år	Fredagar kl. 14.30-18	Inger Lavik, tlf. 56 59 58 19
<b>Leirar</b>	Fagertun	6 år og oppover	I feriar og helger	Norges Samemisjon, tlf. 55 31 65 06



# Barneåret i Bjørgvin Bispedøme



## Barneåret Bjørgvin Bispedøme

Dei døypte borna vart møtte med ein lovnad ved døypefonten. Kyrkjelyden står saman med foreldra og fadrane om å gje denne lovnaden. I barneåret vil vi gleda oss over alt arbeidet som blir gjort for borna i kyrkjelydane, og vi vil gi borna særleg plass og merksemd.

**Dei er born av vår tid. Vi vil hjelpa dei til å vere Guds born i vår tid.**

Vi vil vere glade og stolte dersom vi kan seia: **Alle i Bjørgvin ber kveldsbøn...**

### Borna er ein del av kyrkjelyden

Det viktigaste som skjer i Barneåret skjer der borna bur, i kyrkjelyden, i nærmiljøet. Borna er viktige medlemmar i kyrkja. Difor seier vi: Set fokus på borna! Kva som konkret skal skje er mykje opp til dei ulike kyrkjelydane. Det kan vera lika viktig å styrkja tiltak ein alt har, som å finna på mykje nytt og kreativt. Vi vil oppmoda til at tilsette og frivillige lokalt drøftar igjennom utfordringane som ligg i Barneåret si tenking. Det er mogleg at noko av det som kontinuerleg skjer i kyrkjelyden av andre tiltak skal få litt mindre merksemd dette året. Det handlar om prioritering, og vi ynskjer ikkje ekstra slitne medarbeidarar dette året!

Vi vonar at kyrkjelydane kan slutta seg til nokre enkle tiltak som vert sett i gang frå bispedømerådet. Vi ønskjer mellom anna at mottoet ”**Alle i Bjørgvin ber kveldsbøn**” kan vera ein visjon som får nedslag i alle kyrkjelydane våre. Like eins ønskjer vi at det vert arbeidd særskilt med

gudstenesta med og for born i Barneåret. Biskopen ser med glede på nye idear og kjem gjerne i dialog om ulike løysingar på barna si medverknad i gudstenesta.

### Målsetjing for barneåret

- å styrkja dåpsopplæringa i heim og kyrkjelyd
- å hjelpa borna til ein rett og god plass i gudstenestelivet
- å styrkja barnearbeidet i kyrkjelydane og organisasjonane
- å gje foreldre kunnskap om korleis dei kan vere gode foreldre –og mot til å vere det
- å setja søkjelys på utfordringane vi møter når det gjeld arbeid med born og oppvekstmiljøet deira
- å styrkja samarbeidet mellom kyrkja og skulen/barnehagen

## KVELDSBØN

*Jesus, du er glad i meg.  
Takk for alt eg får frå deg.  
Kom til oss, som du har lova.  
Vere hos meg når eg skal sova.  
Hjelp kvart barn på denne jord,  
sysken, venner, far og mor.*



## **Prosjektkor med "Gloria" av Vivaldi**

**Laurdag 8. november og søndag 9. november** vert "Gloria" av den italienske komponisten Antonio Vivaldi framført i Ådland kyrkje i Samnanger og i Vaksdal kyrkje. Dette er eit verk for kor, orkester og solister. Det er Vaksdal kyrkjemusikkforum og Samnanger sokneråd som i samarbeid står som arrangør for prosjektet. Dirigentar blir Tone Synnøve Øygaard Steinkopf og Anne Lise Tøsse. Koret vert sett saman av songarar frå Samnanger og Vaksdal.

Når det gjeld orkesteret, har ein fått i stand eit samarbeid med Grieg-akademiet, slik at ein kan nytte studentar derifrå.

På dette prosjektet er det mogleg for songarar frå Dale mannskor, Kordial eller Kilden å vere med, men også andre som ikkje syng fast i noko kor, er velkomne til å vere med.

Det er laga stemmekassett/CD slik at det vert mogleg å øve for seg sjølv mellom øvingane.

Kantorane i Vaksdal

### **ØVINGSPLAN OG KONSERTAR**

**Tysdag 14.okt. kl.19.30-21.00 Dale kyrkje**  
**Laurdag 18.okt. kl.10.00-16.00 Vaksdal kyrkje. Ta med niste.**  
**Tysdag 21.okt. kl.20.00-22.00 Vaksdal kyrkje**  
**Tysdag 28.okt. kl.19.30-21.30 Vaksdal kyrkje. Fellesøv. m. Samnanger**  
**Tysdag 4. nov. kl.19.00 – 21.30 i Ådland kyrkje. Fellesøv. m.Samnanger**  
**Laurdag 8. nov. kl.14.00-17.00 Ådland kyrkje. Fellesøv.kor og orkester**  
**Laurdag 8.nov. kl.18.00 Ådland kyrkje KONSERT**  
**Søndag 9.nov. kl.16.00-18.00 Vaksdal kyrkje. Fellesøv.kor og orkester**  
**Søndag 9. nov. kl.19.00 Vaksdal kyrkje KONSERT**

## **"UTAN BJØRN"**

**Sundag 26. oktober kl 18.00 vert det ein spanande konsert i Dale kyrkje. Då vil ein få presentert songar av Bjørn Eidsvåg, songar som representerer heile hans mangfaldige artistkarriere.**

Initiativtakar til denne konserten er m.a. Arne Johnsen. Målet er å gjere konserten til ein del av eit positivt miljøtiltak retta mot ungdom, og då spesielt med konfirmantane som målgruppe. Kvar konfirmantfamilie vil få ein gratisbillett, og eit eventuelt overskot frå konserten vil gå til ungdomsarbeidet i kyrkjelydane i Vaksdal.

Bakgrunnen for konserten er ein liknande konsert som vart halde i vår. Då vart musikalen "Sjå meg" framført. Det var ein musikal med utgangspunkt i songar av Bjørn Eidsvåg. Til dei 13 songane som blei vald ut, vart det laga ein "story" der ein mellom anna sette fokus på dagsaktuelle tema, som mobbing, bruk av

rusmidlar og vold. Konfirmantane i Vaksdal deltok som solistar, dansarar, skodespelarar, kor-songarar, statistar og på anna vis i framføringa av musikalen. I tillegg til konfirmantane deltok songkoret "Kilden" og ei blåsergruppe frå Dale musikk-forening.

Denne konserten vart så godt motteken at fleire av dei medverkande fekk lyst til å gjere noko liknande igjen. Resultatet vert altså presentert sundag 26. oktober med ein spenstig konsert i Dale kyrkje. Denne gongen skal ikkje konfirmantane vere medverkande i same grad som sist. Av og til kan det vere fint for dei unge å vere aktivt medverkande. Andre gonger kan det vere greitt å få lov til å sleppe skuldrene ned for berre å oppleve. Dei som ynskjer det av konfirmantane kan likevel vere med og hjelpe med praktiske gjeremål i samband med konserten.



## SLEKTERS GANG

### DØYPTE

#### DALE

06.07 Ingrid Tveterås Eliassen  
06.07 Lisa Simmenes Sellevold  
06.07 Stine Klever Træet  
24.08 Isak Tvedt

20.07 Mikael Helle Anthun,  
døypet i Vangskyrkja  
21.09 Frikk Midtsæter,  
døypet i Os kyrkje

#### VAKSDAL

22.06 Kenneth Harry Hagebø  
03.08 Maja Eikedal  
03.08 Ingrid Marie Faugstad Gullbrå  
14.09 Mats Amundsen Winterstø

#### STAMNES

06.07 Julie Mustafic Brekklus

### VIGDE

#### VAKSDAL

09.08 Ragnhild Lakang Nordmark og  
Ole Kristian With Due.

#### BERGSDALEN

30.08 Monika Dalseid og Jeck Landro

### AVLIDNE

#### DALE

13.06 Borgvald Thunestvedt, f. 1917  
22.06 Leif Bjarne Solvi f. 1929  
27.06 Nils M. Helle , f. 1920  
07.07 Bjarne Olav Berg , f. 1961  
22.07 Stein Ove Viksund, f. 1948  
07.08 Olav Rolland, f. 1918  
17.08 Magne Langø, f. 1922  
17.08 Harald Vaksdal, f. 1914  
24.08 Mikal Helle, f. 1918  
24.08 Anna Lilleskare, f. 1911

#### VAKSDAL

02.07 Rolf Kristian Klever, f. 1945  
22.07 Arne Karlsen, f.1920  
29.08 Per Sælen, f. 1919

#### EIDSLAND

17.09 Åsmund Nesse, f. 1922

## FELLES MØTEVEKE

Det vert felles møteveke i Dale Bedehus

**Onsd.15.-sønd.19.oktober.**

Talar: Arild Hetlebakke frå Nordhordland  
Indremisjon.

**Kvar dag kl.19.00**

**Velkomen i Jesu namn.**

**Dale, Stamnes og Stanghelle**

**Indremisjonar**

## *”Utan Bjørn”*

### KONSERT I DALE KYRKJE

**Søndag 26.oktober kl.18.00**

**Songar av Bjørn Eidsvåg**

**Medverkande på konserten:**

Arne Johnsen - song/gitar, Anne Lise Hesjedal -  
song, Jan Eirik Gullbrå - bass, Bjørne Møen -  
trommer, Olav Arne Steinkopf - keyboard,  
Erlend Styve - gitar, Blåsare frå Dale  
musikkforening, songarar frå songkoret  
”Kilden” under leiing av Tone Synnøve Øygard  
Steinkopf, Frode Kvamsøe – appell.

## KONSERT

### I VAKSDAL KYRKJE

**Søndag 9.november kl.19.00**

**”GLORIA” av A. Vivaldi**

Prosjektkor frå Samnanger og Vaksdal

Musikarar frå Grieg-akademiet

Dirigentar: Anne Lise Tøsse og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

### GRAVMONUMENTER

fra Brødr. Strand  
Stenhuggeri

I våre kataloger finner De  
flere hundre modeller.  
Vi har alle aktuelle steintyper.  
Be om katalog og pristilbud.  
NB! Fritt levert og montert  
alle kirkegarder i distriktet.  
Skrifttilføyelser – Oppussing.

**Harald Jordal**

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00

Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal  
Postboks 113  
5721 Dalekvam

## VELKOMMEN TIL KYRKJE

### VAKSDAL KYRKJE

**12.okt. kl.11.00** Familiegudsteneste med hausttakkefest. Bø. Utdeling av Barnas Kyrkjebok til 4-åringar. 50-års konfirmantar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**26.okt. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Redd Barna, TV-aksjonen.

**9.nov. kl.11.00** Familiegudsteneste. Bø. Offer til IKO.

**23.nov. kl.18.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Normisjon internasjonalt.

**30.nov. kl.19.00** Lysmesse Bø. Konfirmantane deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**7.des. kl.19.00** Adventskonsert.

**14.des. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.

### DALE KYRKJE

**19.okt. kl.17.00** Familiegudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av Barnas Kyrkjebok til 4.-åringar.

**23.okt. kl.18.00** Konsert med Bjørn Eidsvåg-songar.

**2.nov. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Amatheia (tidl.AAN)

**16.nov. kl.18.00** Tomasmesse. Bø og Kvamsøe. Nattverd. Hugs kyrkjebøssa!

**29.nov. kl.16.00** Lysmesse. Kvamsøe. Konfirmantane deltek. Offer til Tibetmisjonen.

**07.des kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd. offer til Norsk Gideon.

**14.des. kl.18.00** Vi syng jula inn.

### BERGSDALEN KYRKJE

**16.nov. kl. 11.00** Familiegudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

**7.12 kl.16.00** Lysmesse. Bø. Utdeling av Barnas Kyrkjebok.

### STAMNES KYRKJE

**19.okt. kl.11.00** Familiegudsteneste. Bø. Utdeling av Barnas Kyrkjebok til 4-åringar. Offer til IKO.

**09.nov. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Normisjon.

**30.nov. kl.16.00** Lysmesse. Bø. Konfirmantane deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**13.des. kl.16.00** Vi syng jula inn.

### EIDSLAND KAPELL

**23.nov. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**14.des. kl. 16.00** Familiegudsteneste. Bø. Offer til Orgelfondet..

### EKSINGEDALEN KYRKJE

**26.okt. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.

**14.des.kl.11.00** Vi syng jula inn.

### NESHEIM KYRKJE

**19.okt. kl.11.00** Familiegudsteneste. Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon. Offer til Redd Barna.

**16.nov. kl.11.00** Familiegudsteneste. Bø. Nattverd. Offer til Fagertun leirstad.

**7.des.kl.16.00** Lysmesse. Kvamsøe. Utdeling av Barnas kyrkjebok til 4-åringar.

#### **VIKTIG MELDING!**

Det er viktig at de ser etter i lokalavisene og på plakatar for å kontrollera m.a. klokkeslett for gudstenestene.

**KONSERT  
I DALE KYRKJE  
Laurdag 6.desember  
Oratoriet "Messias"  
av G.F.Händel  
Orkesteret "Fossegrimen"  
med prosjektkor**